

Samla arealbehov for parkeringar ved Ingafossen

Det framgår av saksframlegget til Sogndal kommune at det skal etablerast felles parkering for heile Campus ved Ingafossen for å auke tryggleik på skulevegen opp Trolladalen. Det er også ynskje om dialog med Vestland fylkeskommune om bussparkering og haldeplass underbakken, ved Ingafossen. I tillegg er det planar for utvikling av Campus, inkludert parkeringsplassar for dette.

Kunnskapsgrunnlaget mitt i høve vurderingane i dette dokumentet er at eg er vegplanleggar med 25 års erfaring frå Statens vegvesen og 10 år i private rådgivingsfirma.

Dette innspelet i er i høve kor arealkrevjande det er å etablere eit parkeringshus ved Ingafossen slik saksframlegget viser. Det er ikkje sett på areal for tilkomst eller for gode løysingar for busstopp/skulebussar. Dette kjem i tillegg til arealbehovet vist i dette dokumentet.

Eg har ikkje gjort tilsvarande drøfting ved Trudvang fordi det ikkje er lagt til grunn i utgreiningane eller i arealplan til Sogndal kommune at det er naudsynt å etablere eit tilsvarande anlegg ved Trudvang.

Samla er det realistisk at parkeringhus ved Ingafossen må vere i 3 etasjar på ca. 6000 m². Dette er grunnlagt i drøftingane nedanfor:

- ein etasje for å flytte eksisterande 170 parkeringsplassar frå nordsida av Campus
- ein etasje for framtidig utvikling av Campus (170 plassar?)
- ein 1 etasje for bussar og bussløysingar knytt til skulen.

Grunnlag for vurderingane

Eigarane av Fosshaugane Campus har også planar om at Campus skal vekse, sjå illustrasjonen nedanfor presentert at Sogndal fotball i 2016. Ei slik utvikling vil også krevje parkeringsplassar. Gitt at trafikken ikkje skal auke i Trolladalen må også desse parkeringsplassane etablerast ved Ingafossen.



Figur 1 viser illustrasjon av moglege utvikling av Campus, lagt fram av Sogndal fotball i 2016


Parkeringsplass for personbilar ved Ingafossen

Det er minst 171 parkeringsplassar på nordsida av Campus. Desse er eigde av Statsbygg og Vestland fylkeskommune, med unntak av 27 parkeringsplassar ved ungdomsskulen.

I følgje Sogndal kommune sitt saksframlegg skal desse parkeringsplassane flyttast til Ingafossen.

Spørsmålet som melder seg knytt til framdrift er om dette er noko Statsbygg og Vestland fylkeskommune vil godkjenne. Det kan ha med tilkomst til symjehall og idrettshall og korleis bygga er planlagde i høve desse parkeringsplassane. Det kan og krevje prosessar fram til eventuell semje i høve at dei får tilsvarende plassar ved Ingafossen som stettar deira forventingar. Dette kan ta tid.

Det andre spørsmålet som melder seg er arealbehovet for parkeringsplassar ved Ingafossen. Berre etablering av parkeringsareal for å flytte parkeringsplassar krev eit areal på 4000 m² gitt at tilrådingane for utforming føl Statens vegvesen sine tilrådingar. Sjå skissa nedanfor som viser dette fotavtrykket for parkeringsplass til 170 bilar.



Figur 2 viser arealbehovet for parkeringsplass for 170 bilar i 6 rekker, tilfeldig plassert for å vise storleik

Det er også å anta at planlagt framtidig utvikling av Campus krev parkeringsplassar. Det vil anten krevje større flate for parkering eller fleire etasjar i eit parkeringshus.

Parkeringsplass for bussar ved Ingafossen

Norgeskart.no viser at det er parkert 25 bussar på Billagstomta.

I Sogndal kommune sitt saksframlegg er det ønske om å etablere parkeringsplass for bussar til Ingafossen. Det er å anta at Fylkeskommunen ynskjer tilsvarende plass som dei har i dag oppgradert til dagens krav i høve manøvrering og framkomst.

Bussar krev eit mykje større manøvreringsareal enn personbilar. Eksisterande areal til parkering og manøvrering på Billagstomta er ca. 4500 m². Dette vil vere eit minimum areal for ny parkeringsplass for bussar ved Ingafossen.

Parkeringsplass for bussar kan truleg ikkje ligge under parkeringsplass for bilar fordi stigning inn og ut at slik parkering vil verte bratt. Parkeringsplass for bussar i garasje må planleggast godt og tidleg i høve konstruksjonar da søyleplassering må vere god for at manøvrering av bussar skal vere mogeleg.